



Avtale for Sykkelbyen Førde

1. Partane i avtalen

Partane i denne avtalen er Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen Vegavdeling Sogn og Fjordane.

2. Bakgrunn

Tidlegare avtale inngått 7. mai 2012. Statens vegvesen si satsing på auka sykkelbruk, og bompengefinansiering av infrastruktur i Førde gjennom Førdepakken.

3. Formålet med avtalen

Formålet med avtalen er å etablere felles grunnlag for partane sitt vidare arbeid med å utvikle Sykkelbyen Førde, mellom anna med å:

- Slå fast felles mål og forventningar til samarbeidsprosjektet
- Definere vesentlege oppgåver og tidsrammer
- Definere føremålstenlege samarbeidsformer
- Sikre at partane deltek med ressursar og kompetanse

4. Mål

Partane arbeider mot dei generelle måla som er definert i den til ein kvar tid gjeldande Prosjektstyringsplan (PSP). Revidert PSP skal vedtakast i styringsgruppa seinast 3 månader etter at denne avtalen er inngått, og rullerast ein gong kvart år.

5. Organisering

Sykkelbyen Førde er organisert med ei styringsgruppe, prosjektgruppe og prosjektleiar.

Styringsgruppa

Samansett av:

- Rådmann Førde kommune, leiar av styringsgruppa
- Fylkesdirektør for samferdsel Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Avdelingsdirektør Statens vegvesen Vegavdeling Sogn og Fjordane
- Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa

Styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for sykkelbyavtalen og skal mellom anna:

- Vedta prosjektstyringsplan (PSP) med tiltaksplan og budsjett for sykkelbyen Førde
- Godkjenne rammer og føringar for delprosjekt
- Ha ansvar for prioriteringar innafor prosjektet si kostnadsramme, vedta budsjett.

Prosjektgruppa

Samansett av:

- Prosjektleiar
- Representant frå kommunen sin planavdeling/utviklingsavdeling/vegmynde med god kjennskap til Førdepakken.
- Representant frå fylkeskommunen sin samferdselavdeling.
- Representant frå Statens vegvesen, plan og forvaltning.

Prosjektgruppa skal arbeide mellom anna med følgjande oppgåver:

- Utarbeide prosjektstyringsplan (PSP) med tiltaksplan og budsjett for sykkelbyen Førde og få denne godkjent. PSP skal reviderast årleg.
- Arbeide etter vedteken PSP med tiltaksplan og budsjett.
- Gje uttale til og sikre kvalitet i pågåande arbeid med infrastruktur
- Initiere haldningsskapande tiltak og kampanjar
- Ta initiativ til naudsynt samarbeid for å gjennomføre oppgåvene i PSP.
- Informasjon både internt og eksternt
- Rapportering i samsvar med krav.

Prosjektleiari

Tilsett i Førde kommune i 50 % stilling. Leiari prosjektgruppa og er sekretær til styringsgruppa. Prosjektleiari har ansvar for den daglege drifta/oppfølginga av prosjekt i samsvar med PSP.

6. Avtaleperiode

Avtalen er gyldig til 31. desember 2021

7. Økonomi

Førdepakken finansierer og bygger nytt vegnett i Førde sentrum, inklusiv hovudsykkelvegnettet og sykkelveggar i tilknytning til dette. I tillegg til bompengefinansiering er Førdepakken finansiert ved at partane i denne avtalen er inne med 150 mill. 2012 kroner kvar.

Partane arbeider årleg for løyvingar til andre tiltak som sykkelparkering, kampanjar, arrangement og informasjon. Slike løyvingar blir teke inn i budsjettet for sykkelbyen i PSP.

Førde kommune stiller med prosjektleiari i 50 % stilling. Lønsumgifter blir finansiert ved at partane bidreg med 1/3 kvar av brutto løn til prosjektleiari. For 2018 skal dette vere kr. 180 000. Beløpet bør justerast årleg i samsvar med lønsumviklinga i kommunal sektor.

Utover refusjon av løn stiller partane med naudsynte ressursar for å gjennomføre det som er sett opp i PSP slik at måla blir nådd.

Avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane.

Denne avtalen er underskrive i 3 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Førde (dato)

Førde kommune

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Statens vegvesen
Vegavdeling Sogn og Fjordane

.....

.....

.....